

## Innlevering – norsk sidemål – 7. november 2014

- Hugs at du skal skrive på sidemål (bokmål)!
- Les alle oppgåvene grundig før du vel ei av dei!
- Før du tek til med sjølve skrivinga skal du planlegge skrivinga di! Lag ein god grovplan/disposisjon når du har valt oppgåve.
- Grovplanen/disposisjonen skal innehalde:
  - Skildring av *hovudpersonen* - utsjånad, eigenskapar, andre interessante opplysningar.
  - Skildring av *miljøet* handlinga skjer i.
  - Skildring av *konflikta* eller *problemet* i historia.
  - Litt om korleis du vil *avslutte* - trist, lukkeleg, overraskande, open, osv.
- Bruk gjerne metaforar og samanlikning når du skildrar personar, miljø eller anna.
- Bruk også alle sansar (lukter, lydar osv...) når du skriv, slik at du klarer å skape stemning.
- Tenk at du skal "fange" lesaren i starten og "halde" på han/ho til teksten din er over.
- Variasjon er viktig:
  - Variasjon i ordforrådet - prøv å ikkje bruke dei same orda eller formuleringane oppatt mange gongar. Bruk synonym eller andre måtar å få fram budskapet på for å unngå dette.
  - Variasjon i forteljemåte - det er lurt å veksle mellom *handlingsreferat* (fortelje kva som skjer), *tankereferat* (fortelje kva ein person tenkjer), *replikkar* (skrive kva som blir sagt) og *skildring* (av omgjevnadane, stemninga, personar osv.) når du skriv. Tenk gjerne over det før du set i gong med sjølve skrivinga, slik at du kan få det inn allereie i 1. utkast.
  - Variasjon i "tempo". Prøv å auke tempoet i teksten når du skal framheve spenning eller understreke noko for lesaren. Då kan det t.d. fungere godt med litt kortare setningar med mykje innhald - at det skjer mykje...
- Når disposisjonen din er godkjent kan du setje i gong å skrive.
- Hugs å bruke tilbakemeldinga frå førre stil aktivt når du skal sjå over og "finpusse" på teksten før innlevering.

Lukke til!